

Pål Aam

Skjult deltakande observasjon

– ein etisk forsvarleg metode innan medieforskning, og på kva vilkår?



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

2009

Forfattar	Pål Aam
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Vitskapsteoretisk essay våren 2009, Vestnorsk Nettverk, Forskarutdanninga.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innhold

<i>Problemstilling</i>	<i>side 4</i>
<i>Forsking og objektivitet</i>	<i>side 6</i>
<i>Skjult deltakande observasjon - etisk tillate?</i>	<i>side 8</i>
<i>Skjult deltakande observasjon - etisk forsvarleg?</i>	<i>side 13</i>
<i>Informert samtykke</i>	<i>side 13</i>
<i>Personvern</i>	<i>side 18</i>
<i>Renommeet til vitenskapen</i>	<i>side 20</i>
<i>Konklusjon</i>	<i>side 22</i>
<i>Litteratur</i>	<i>side 28</i>
<i>Lover, forskrifter og anna</i>	<i>side 31</i>
<i>Munnlege kjelder</i>	<i>side 31</i>
<i>Radio- og tv-program</i>	<i>side 31</i>

Problemstilling

Det er 1972. Åtte erklært psykisk friske personar let seg frivillig legge inn på psykiatriske behandlingstilstodjonar rundt om i USA ved å seie at dei "høyrer stemmer". Det er innlagde frå sju til 52 dagar. Dei gjer hemmelege notat under innlegginga etter ein avtalt metode. Desse åtte er med på eit vitskapleg forskingsprosjekt i regi av psykologen David Rosenhan på Stanford-universitetet. Rosenhan er sjølv ein av dei åtte. Formålet er å undersøke korleis ein frisk person blir diagnostisert så snart han eller ho er innanfor veggane til institusjonen. Vil den friske få diagnose som psykisk sjuk, vil konteksten automatisk gjere at alle handlingane til dei friske blir tolka som sjukelege?

Eksperimentet gjer slåande bruk av ein omstridd variant av feltobservasjon: *skjult deltakande observasjon*ⁱ. Skjult deltakande observasjon er ein metode der forskaren ikkje tilkjenner seg, men infiltrerer miljøet vedkommande skal forske på. Forskinga skjer utan å informere nokon av dei som blir direkte observerte. Professor Martin Bulmer gjev følgjande definisjon:

... a researcher spends an extended period of time in a particular research setting, concealing the fact that he is a researcher and pretending to play some other role. In such a situation, the identity of the researcher and knowledge of his work is kept from those who are being studied, who have no knowledge that they are being studied. ⁱⁱ

Mitt spørsmål er:

Kan skjult deltakande observasjon vere ein etisk forsvarleg metode innan medieforsking, og på kva vilkår?

Metoden strid tilsynelatande mot det aller viktigaste av alle etiske prinsipp innan all forskning: at deltaking skal vere frivillig og at dei som er informantar skal ha kjennskap til formålet med forskinga dei er med på, gjerne kalla "informert samtykke". Eit prinsipp som særleg blei aktualisert gjennom naziregimet sine overgrep mot forskingsobjekt og nedfelt i mellom anna Helsinki-deklarasjonenⁱⁱⁱ.

Det er også ein metode som kan bringe vanry over forskning og vitskap ved å gi inntrykk av å lure informantar og føre dei bak lyset. Metoden kan også bryte

med viktige prinsipp om informantar sitt personvern ved at forskarar kan skape kunstige og falske relasjonar til informantar og dermed få tilgang til sensitiv personleg informasjon på feil premiss.

Argument for metoden er at den kan gi tilgang til lukka miljø og situasjonar det elles er umogleg å forske på og at den kan opne for forskning blant personar som elles ville kamuflere sin ekte haldningar og synspunkt for forskarar som tilkjenne gir seg. Metoden gjer det også mogleg å forske på kriminelle miljø som ville vere vanskeleg å forske ope på.

Skjult deltakande observasjon er blant anna brukt til så ulike formål som å studere og dokumentere uetiske politimetodar i Storbritannia^{iv}, høgreekstremer i Storbritannia^v, (den gong ulovleg) homoseksualitet i USA^{vi}, effekten av røykelova i Skottland^{vii} og skjenking av for sterkt rusa personar (overskjenking) på barar i Bergen og Trondheim^{viii}. Andre område det er gjort fleire slike skjulte studiar er innan religiøse kultar som til dømes ufo-sekter^{ix} og scientologi^x og metoden er stadig ettergått, men ikkje forkasta^{xi}. Innan medieforsking kan ein tenke seg bruken av ein slik metode dersom formålet er å få innsyn i etiske overtramp gjorde av media, overtramp dei færraste ville fortelje om til forskarar som opererte ope.

Dette essayet har eit personleg utgangspunkt som heng saman med akkurat slike overtramp. Eg har bakgrunn som journalist og opplevde ei rekke journalistiske overtramp på stader eg jobba. Eg var vitne til at positivt vinkla nyheiter blei plasserte i nyheitssendingar mot betaling frå kjelder, at ei mediebedrift eg jobba i spanderte turar og hotellopphald på viktige politikjelder, at ein redaksjon systematisk dyssa ned tilfelle av politivald som redaksjonen kjende til for å halde seg inne med politiet og at det blei ført uheiderleg kampanjejournalistikk mot politikarar i strid med journalistisk etikk. Samstundes meiner eg at forskning på praktisk journalistikk^{xii} ikkje har metodar til å avdekke slike klart kritikkverdige forhold, noko eg vil påstå er ein del av medieforskinga sitt oppdrag.

Fleire nye kritiske og avslørande norske innside-forteljingar om livet i ulike norske redaksjonar^{xiii} fikk meg til å lure på om skjult deltakande

observasjon kunne vere ein slik vitenskapleg metode. Den har metodiske parallellar til innsideobservasjonen desse avslørande bøkene byggjer på, samstundes som metoden har det vitenskaplege truverdet som innsideforteljingane ofte mangler.

Metoden er radikal og omdiskutert og dersom den skal vurderast brukt i medieforskning er det sentralt å gjere greie for kva formålet til medieforskning er og korleis formålet eventuelt kan understøtte skjult deltakande observasjon.

Forskning og objektivitet

*”Middelveien’ er ikke et hår mer vitenskaplig sannhet enn de mest ekstreme partiidealer på høyre eller venstre fløy”^{xiv}, skriv Max Weber i essayet *Samfunnsvitenskapens objektivitet*. Essayet tek føre seg verdier innan samfunnsvitenskap. Weber argumenterer for at verdier har ein plass innan vitenskapen. Han forsvarer på den eine sida å streve etter streng objektivitet innan vitenskapleg metode og empiri og at vitenskap ikkje kan brukast til å formelle korleis noko *bør* vere, men berre korleis det *er*. Samstundes erkjenner han at normer og verdier har ein uunngåeleg rolle innan vitenskap: ”...det finnes overhodet ingen slektskap mellom *holdningsløshet* og *vitenskapelig* ’objektivitet’”^{xv}.*

Særleg er det innan vitenskapen sitt val av forskingsområde at verdier og normer er av betydning. I følgje Weber er det ofte spørsmål av praktisk art som er opphav til at samfunnsvitenskaplege problem blir definerte og forska på. Sjølve eksistensen av eit vitenskapleg problem heng saman med ”målsetninger hos personer som lever og virker” seier Weber^{xvi}. Val av problemstilling og arbeidsmåte blir påverka av samfunnet sine verdier og normer. Weber er oppteken av at samfunnsforskning kan og må forholde seg til verdier og at forskarar også må gjere det i sitt val av forskingsspørsmål. Slike kulturverdier er skiftande og ulike i forskjellige samfunn, situasjonar og tider og er slik subjektive.

Eit slikt syn på forskning ser samanhengar mellom det som ofte er dominerande normer i eit samfunn og den forskinga som blir gjort. Forskinga

kan på denne måten delvis bli styrt av normer når det gjeld korleis forskarar vel ut tema for forskinga. Slik sett kan den ikkje kallast fullt og heilt "objektiv" sidan kulturverdiane som kan ha innflytelse på temaval i seg sjølve er subjektive og altså kan gi føringar i forskingsprosjekt.

Eg vil sjølv argumentere for at dette ikkje nødvendigvis er problematisk, men tvert om positivt. Dette vil eg også påstå gjeld medieforsking, som er mitt felt. For min del støtter eg eit syn som ser på medieforsking som noko som absolutt kan vere normstyrt i val av forskingsspørsmål og som kan og bør ta utgangspunkt i kulturverdiar i samfunnet.

Mitt syn er at medieforsking bør konsentrere seg om spørsmål som kan støtte opp om verdiar som samfunnet ser på som, ja, verdfulle. Ein slik sentral verdi er demokrati, definert som eit politisk folkestyre der borgarar har like rettar - grunnlaget for samfunnssystemet i Noreg. Denne verdien har stor oppslutning i Norge og må sjåast som ein dominerande kulturverdi med svært stor oppslutning. Det er likevel umogleg å seie at dette er ein objektivt god og positiv verdi, det er ein subjektiv verdi.

Det ligg også i dette at forskinga skal stille seg kritisk til dei motsette verdiane. Med andre ord er mitt forskingsideal at medieforskinga til dømes skal bidra til at media i seg sjølve er demokratiske og arbeider etter demokratiske prinsipp og verdiar. Men samstundes meiner eg medieforskinga også skal prøve å avsløre krefter innan media som er antidemokratiske.

Med antidemokratiske krefter meiner eg til dømes personar eller system som jobbar for å favorisere personar eller samfunnsgrupper på bekostning av andre i strid med journalistikkens eigne etiske reglar om redelighet og likskap i kjeldebehandling og presentasjon. Eller det kan vere personar innan media som til dømes jobbar for politiske saker og parti utan å tilkjenne det og på ein slik måte at media blir misbrukt i skjult politisk agitasjon.

Eit slikt ideal vil også støtte forskning rundt openheit og redelighet innan journalistikk, og forskning som avslører og påviser det motsette: uetisk behandling av kjelder, uetisk innhenting og presentasjon av fakta og skeiv framstilling av fakta. Med begrepet uetisk tek eg her utgangspunkt i

journalistikkens egne etiske regelsamlinger og definisjoner, definisjoner som er klart bygde på demokratiske verdier.

Eg vil heilt klart gi uttrykk for at eg ser på ei av medieforskinga si hovudoppgåver som å vere kritisk til korleis media metodisk og etisk opptrer og på den måten vere ein overvakar av medias maktutøving og ein korrigerande faktor i demokratisk retning. Media blir ofte kritisert for å kun drive sjølvjustis og for å mangle utanforståande korreksjon^{xxi} og eg meiner medieforsking bør vere med på å kritisk følgje med på korleis media opptrer. Ein slik korrigerande rolle blir det også opna for i samfunnsforskingas eigen etiske retningslinjer:

Forskning har virkningar i samfunnet, om det var tilsiktet eller ikke.

Forskning kan være nyttig ved at den leverer premisser for beslutninger i offentlig og privat sektor. Forskning kan avdekke kritikkverdige forhold, og kan bidra til å avklare alternative handlingsvalg og deres mulige konsekvenser. Den kan også bidra med korrektiver, for eksempel ved å belyse svakstilte gruppers situasjon.^{xxii}

Det er med dette utgangspunktet eg vil drøfte om skjult deltakande observasjon kan vere ein eigna metode i enkelte og spesielle forskingsprosjekt. Men først er det viktig å fastslå at metoden er innanfor det som i det heile er mulig av forskningsetikk.

Skjult deltakande observasjon - etisk tillate?

Skjult deltakande observasjon er lite brukt i Norge. Etisk er metoden sett på som tillaten å bruke i unntakstilfelle, både i mange land i utlandet og i Norge. Men det er ein metode som berre kan brukast dersom ei rekke vilkår er oppfylte. Dei norske forskningsetiske retningslinjene for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teologi omtaler ikkje metoden direkte, men skriv om problem knytt til metoden særleg i to punkt. Det eine handlar om informasjon til deltakarane i forskingsprosjekt og det andre om informantane sitt høve til å samtykke.

Det første temaet er tatt opp i punkt åtte:

Særlig aktsomhet må utvises når informasjon ikke kan gis før forskningen settes i gang, for eksempel dersom det ikke kan oppgis hva som er den egentlige hensikten med et eksperiment. Slike unntak fra informasjonskravet må begrunnes i forskningens verdi og mangelen på alternativer og rette seg etter de krav som er formulert i punkt 5-9. Ofte er det mulig å gi deltakerne generell informasjon om prosjektet på forhånd, og deltakerne må få detaljert informasjon etterpå, både om prosjektet og om hvorfor de ikke ble fullt informert i forkant.^{xxiii}

Formuleringane utelukker ikkje skjult deltakande observasjon, men skriv at "ofte er det mulig å gi deltakerne generell informasjon om prosjektet på forhånd", det står ikkje at det *må* bli gitt slik informasjon.

Dersom ein forskar til dømes skal forske på alvorleg samfunnsskadeleg oppførsel, som nynazisme, gjort i eit konkret miljø vil det å "åtvare" miljøet mot denne forskinga føre til at adferden truleg blir endra og skjult for forskaren og dermed vil forskaren slå beina under si eiga forskning.

Skal medieforsking avdekke kritikkverdige høve, som grove etiske overtramp i ein redaksjon, vil det vere mot forskinga si hensikt å informere om forskinga på førehand og slik truleg få personar som hadde noko å skjule til å aktivt skjule det for ein forskar eller i alle fall unnlate å inkriminere seg sjølv. Det er til dømes vanskeleg å tenke seg at ein journalist i Se og Hør frivillig ville fortelje ein ope observerande forskar at journalisten utan samtykke hadde tilgang til medlemmer av kongefamilien sine kontorutskrifter, noko som kom fram i journalist Håvard Melnæs si bok om Se og Hør^{xxiv}.

Informasjon i etterkant er det så klart fullt mulig å gi også i prosjekt med skjult deltakande observasjon. Det er heilt klart at intensjonen med denne ordlyden er å fastslå at open informasjon om formålet til eit forskingsprosjekt skal vere den krystallklare hovudregelen, og svært sjeldan kan fråvikast. Likevel vil eg tolke denne ordlyden slik at det teoretisk sett er mulig å gjere unntak.

Forsking på informantar som ikkje samtykker til å bli forska på eller blir gitt høve til å samtykke er omtala i det neste punktet, punkt ni:

Deltakernes frihet og selvbestemmelse kan i enkelte tilfeller respekteres selv om samtykke ikke innhentes på forhånd. Selv om informert samtykke er den klare hovedregelen også i prosjekter hvor deltakerne ikke selv deltar aktivt, kan unntak fra kravet om informert samtykke i visse tilfeller være aktuelt i situasjoner der forskningen ikke innebærer fysisk kontakt med forsøkspersonene, opplysningene som behandles er lite sensitive, og der forskningen samtidig har en nytteverdi som klart overstiger ulemper som kan påføres den inkluderte.^{xxv}

Punktet er ikkje tindrane klar og kan tolkast. Det er særleg to formuleringar som er viktige å avklare. Den første er “fysisk kontakt med forsøkspersonene” og den andre handlar om (person)opplysningar som er “lite sensitive”. Kva betyr egentleg dette?

I følgje Helene Ingierd som er sekretariatsleiar for Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) er omgrepet “fysisk kontakt” uklart og vanskelig å vurdere aleine^{xxvi}. Det handlar ikkje om til dømes medisinsk behandling sidan det kjem inn under ein annan komité. Ho vil vidare sjå omgrepet opp mot dei andre elementa i punktet og kan ikkje gi ein klar definisjon av kva som er meint med “fysisk kontakt”.

Dette handlar for eksempel ikkje om eit “forbod” mot å vere i same rom som informanten i følgje Ingierd. Eit slik argument blir heller ikkje brukt i diskusjonen rundt eit forskingsprosjekt som nytta skjult observasjon, eit rusforskningsprosjekt gjennomført i Trondheim i 2002, som eg kjem tilbake til seinare. NESH var kritisk til prosjektet, men ikkje på ein slik bakgrunn^{xxvii}.

NESH har også nylig behandla eit prosjekt som bruker såkalla situasjonstesting^{xxviii} (engelsk: "situation testing") der dei etiske problema er parallelle med skjult observasjon. Situasjonstesting går i dette prosjektet ut på å sende jobbsøknader frå fiktive personar til arbeidsgivarar for å sjå om søknader frå ikkje-etniske nordmenn blir behandla på ein annan måte enn søknader frå etniske nordmenn. Opphavleg skulle også personar som gav seg ut for å vere dei fiktive søkerane stille på jobbintervju med dei intetanande arbeidsgivarane. NESH hadde ikkje motforestillingar til akkurat dette^{xxix} og brakte ikkje

problematikken rundt fysisk kontakt opp i det heile når dei vurderte søknaden frå forskarane. Dette til tross for at eksperimentet innebar kontakt mellom personar som gav seg ut for å vere andre enn dei var og objekta for forskinga.

Mi tolking er at omgrepet "fysisk kontakt" peiker mot tvang eller annan form for direkte fysisk påverking av situasjonen til informanten frå forskaren si side, noko som også representerer store metodiske problem i form av manipulering.

Det eg ser på som uproblematisk fysisk kontakt er normalt og vanleg samvære med ein annan person av ein type en opplever kvar dag og som er i tråd med det som er allment akseptert på den staden ein er og i den konteksten en er i, altså handlingar som ikkje skil seg frå det som blir sett på som normalt. Situasjonar som vel og merke er normale på utsida, men rett nok i seg sjølv unormale sidan det er skjult forskning. Likevel meiner eg at det er graden av fysisk kontakt i det skodespelet denne type forskning delvis er, ein må vurdere.

På jobb er døme på dette ei vanleg samtale eller det sitte ved sidan av kvarandre på eit møte. I private samanhengar kan det vere å gå ein tur saman eller å gå ut på kafé. Det å til dømes helse på ein person ved å ta vedkommande i handa, men elles ikkje gjere noko anna mot personen vil strengt tatt vere "fysisk kontakt", men uproblematisk, slik eg tolkar omgrepet. Eg ser altså på det eg vil kalle - tilsynelatande - daglegdags og normal fysisk kontakt, som å gi nokon ein klapp på skuldra eller støtte nokon på ein glatt veg, som uproblematisk i slik forskning.

Å gå over grensene vil eg definere som å opptre unormalt og på ein måte som krenkjer eller skader den andre part psykisk eller fysisk. Eit slikt døme ville vere dersom ein forskar nytta skjult observasjon og hadde infiltrert ei nynazistisk gruppe og var med på vald mot andre personar utanfor gruppa eller personar innan gruppa saman med nynazistane.

Eit anna døme ville vere dersom ein forskar nytta skjult observasjon og arbeidde på ein arbeidsplass for å avdekke diskriminering og fysisk mobbing mot tilsette av ein annan etnisk bakgrunn og så deltok i slik fysisk mobbing sjølv og altså framprovoserte det han eller ho skulle avsløre. Dette vil i mi tolking vere

å gå over dei legitime grensene for "fysisk kontakt med informantar eller forsøkspersonar". I forskning innan mitt felt har eg vanskar med å sjå at dette punktet skal skape problem.

Omgrepet "lite sensitive (opplysninger)" er langt enklare å definere. I følgje Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste er "sensitive personopplysninger":

Opplysninger om rasemessig eller etnisk bakgrunn, politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning, at en person har vært mistenkt, siktet, tiltalt eller dømt for en straffbar handling, helseforhold, seksuelle forhold, og medlemskap i fagforeninger.^{xxx}

Denne definisjonen er kanskje for streng i høve til det som er meint i punkt ni av dei etiske retningslinjene, og identifikasjon og utlevering av personar er også eit sentralt spørsmål i diskusjonen rundt skjult observasjon. Ein diskusjon eg kjem tilbake til.

Også Lov om behandling av personopplysninger (Personopplysningslova) belyser eit av prinsippa som er viktige i diskusjonen om skjult deltakande observasjon. Paragraf 9 handlar om sensitive personopplysningar. Også her er hovudregelen at den det gjeld skal samtykke i at slike opplysningar blir behandla eller brakt vidare (paragraf 9a). Men eitt av fleire unntak er dersom det å *behandle* (som er ordet lovteksten bruker på "å bruke") sensitive personopplysningar i forskning "er nødvendig for historiske, statistiske eller vitenskapelige formål, og samfunnets interesse i at behandlingen (av sensitive personopplysningar) finner sted klart overstiger ulempene den kan medføre for den enkelte." (paragraf 9h)^{xxxi}. Det viktige er igjen at dersom det er i kollektivet si interesse så kan prinsippet fråvikast på bekostning av enkeltindividet.

Summert så er det teoretisk sett mulig å kunne få unntak frå viktige etiske hovudreglar og -prinsipp. Unntak som kan opne for skjult deltakande observasjon som ein etisk mulig metode i enkelte tilfelle også her i landet. Likevel er metoden uhyre kontroversiell og spesiell, og det er også derfor eg vidare vil sjå nærare på etikken i bruken av metoden.

Skjult deltakande observasjon - etisk forsvarleg?

Det er fleire problemområde knytte til etikken rundt å bruke ein så ekstrem metode som skjult deltakande observasjon. Eg vil sjå på dei mest sentrale og omdiskuterte spørsmåla i den etiske debatten rundt denne metoden.

Døma på bruk av denne metoden er få og ingen innan medieforsking, dette er eit essay som prøver å sjå på om dette i det heile er ein mulig metode å nytte innan denne forskinga.

Når eg trekk fram diskusjonar og døme på bruken av denne metoden gjer eg det stort sett frå sosiologi og antropologi der metoden har blitt nytta i ei rekkje ulike vitenskaplege prosjekt. Det kan oppfattast som ei svakheit at eg diskuterer pærer, men skriv om eple. Likevel meiner eg at medievitskapen, som ein avleggar av sosiologien, står så metodisk og forskingsetisk nært sosiologi og antropologi at diskusjon og argumentasjon henta frå desse to felt er svært relevant også for medievitskap.

I tillegg, sett frå eit maktkritisk perspektiv, meiner eg metoden kan vere aktuell for medieforsking sidan medieinstitusjonar og media er ein viktig maktfaktor i samfunnet og dermed kan legitimere andre og meir grovkalibra forskingsmetodar enn til dømes forskning på rusmisbrukarar, flyktningar eller andre svake grupper.

Informert samtykke

Eit av dei aller viktigaste prinsippa for all forskning er at den eller dei det blir forska på skal gi sitt samtykke til forskinga og også få informasjon om kva forskinga går ut på. Dette prinsippet blei klart formulert under Nürnberg-rettsakene etter andre verdskrig på bakgrunn av nazi-eksperiment på menneske^{xxxii}. Ein heilt openbar grunn for prinsippet er respekt for medmenneske. Vi som forskarar kan ikkje "bruke" andre menneske og informantar som "råmateriale" utan at dei er med på det og godtar det og får vurdere mulige fysiske og mentale skadeverknader av å vere med på eit forskingsprosjekt på førehand.

Informantar vil også sannsynligvis føle seg såra og misbrukte dersom dei i ettertid blir klar over at dei har blitt brukte til forskning utan å vite det. Særleg ille er dette dersom ein forskar har operert skjult og kanskje blitt venn med den uvitande informant. Denne vennskapen vil i ettertid bli opplevd som falskt og som eit emosjonelt og overgrep av mange. Informantar ville kanskje bli redde for kva som kjem vidare av det dei oppfatta som fortruleg informasjon og ikkje informasjon gitt til ein forskar. Denne redsla kan gi psykiske problem av større eller mindre karakter og kanskje til og med i verste fall løyse ut alvorlege lidingar som paranoid psykose, forfølgingsvanvidd.

Når det gjeld medieforskning vil eg likevel moderere denne faren ved å skilje mellom eit forskingsobjekt som privatperson og som profesjonell person eller mellom den rollen eit menneske spelar privat og på jobb. Forsking på media vil stort sett handle om forskning på menneske som er på jobb og som er i rollen "journalist", "vaksjef", "fotograf" eller liknande og ikkje i rollen som privatperson. Forskaren skal ikkje inn i heimen til andre og oppsøke menneske i den aller mest private sfæren. Dette til skilnad frå eit kjent forskingsprosjekt på homofile^{xxxiii} der forskarane faktisk oppsøkte menneske heime og utførte forskning heime hos folk ved hjelp av skjulte metodar, noko som vil bli opplevd som enda meir krenkande enn det eg tek føre meg i dette essayet.

Eg meiner det viktige her er i kva grad forskaren involverer seg med den eller dei det blir forska på og kven desse menneska er. Som i resten av den etiske diskusjonen rundt skjult deltakande observasjon vil svaret på om denne involveringa i det heile er etisk forsvarleg vere avhengig av forskingsprosjektet og prosjektet sitt formål.

Det er lett å tenke seg at dersom ein forskar opptredde skjult i ein redaksjon utan å informere om prosjektet på førehand så ville dei det blei forska på bli bekymra så snart prosjektet blei gjort kjent i ettertid. Særleg dersom forskaren hadde funne brot på etikk eller andre resultat som var negative for redaksjonen.

Ufrivillige informantar vil fort i ettertid stille seg spørsmål som: Vil eg bli identifisert som den som gjorde noko eg ikkje skulle ha gjort, vil det minske

sjansane for å få jobb ein annan stad eller øydelegge karrieren min? Vil eg bli hengt ut som ein uærlig person? Vil noko eg sa bli misforstått og hengt på meg som ei uetisk handling? Vil min kritikk av sjefen min i avisa og eksempla eg gav på kva han har gjort feil bli kjent og vil det gå ut over mi framtid i avisa? Blir eg sett på som illojal sidan eg har avslørt andre som har gjort feil i redaksjonen?

I ein konsekvensetisk debatt vil slike mulige konsekvensar vege tungt mot å gjere skjult observasjon. Konsekvensane blir rett og slett for store. Kjernen i konsekvensetikk er å vurdere positive og negative konsekvensar og så vurdere ei handling i lys av dette. Eg vil bruke eit par døme for å vise korleis dette kan løysast utan personlege konsekvensar av denne typen og på ein slik måte at dei konsekvensetiske innvendingane kan minskast.

Det eine er eit rusforskningsprosjekt i Trondheim og Bergen og det andre forskning på ein rasistisk organisasjon i Canada. Som nemnt er dette ikkje døme frå medieforsking, men eg meiner dei begge illustrerer problematikk rundt manglande samtykke og informasjon som også ville gjelde bruken av skjult deltakande observasjon innan medieforsking.

Prosjektet i Trondheim og Bergen ved forskar Bergljot Baklien frå Sirius (Statens institutt for rusmiddelforsking) og sosiolog Kristin Buvik på Akan (Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk) blei gjennomført ved at to par på to skodespelarar spelte sterkt rusa på alkohol og så bad om å få kjøpe enda meir alkohol på utestadar i Trondheim og Bergen i 2004 og 2006^{xxxiv}. Dette er ein variant av skjult deltakande observasjon kalla "usynlig teater" der forkinga skjer tildekt. Dei etiske problemstillingane er i stor grad dei same som i andre variantar av skjult deltakande observasjon, og problematikken rundt informert samtykke gjeld også i dette prosjektet.

Formålet med forkinga var å sjå om reglane om overskjenking blei følgde. Det er som kjent ikkje lov å skjenke personar som er sterkt rusa (dei "rusa" i eksperimentet fikk i vel 80 prosent av tilfella kjøpe alkohol^{xxxv} - i strid med reglementet).

Baklien og Buvik argumenterer særleg med anonymitet når det bryt prinsippet om informert samtykke i prosjektet. Dei som blir observerte, altså dei

som jobbar på utestadane, blir ikkje på nokon måte identifiserte, det blir heller ikkje utestadane. "Vi er interessert i atferden til *bartenderen* og bryr oss ikke om *privatpersonen*"^{xxxvi} (mi utheving) skriv dei to forskarane.

Dei observerte blir heller ikkje sett inn i ein annan situasjon enn den normale og dei blir heller ikkje utsett for nokon risiko utover den som allereie ligg i jobben. Det er med andre ord ingen enkeltpersonar som blir hengde ut eller på andre måtar får merke konsekvensar direkte av prosjektet. Dermed meiner dei to forskarane at det er etisk forsvarleg å bryte regelen om informert samtykke. Eit anna døme på eit liknande prosjekt er eit skotsk prosjekt der forskarar i skjul observerte om røykelova i Skottland blei følgd på utestadar. Argumentet deira for å bryte med prinsippet om samtykke er identisk med dei to norske forskarane.^{xxxvii}

Slike argument kunne også anførast dersom ein medieforskar ville bruke skjult observasjon i ein redaksjon. Vedkommande kunne forske å prosessar og psykologiske mekanismar i ein redaksjon utan å identifisere enkeltjournalistar eller andre og utan å gripe inn i arbeidet deira på nokon måte. Utan å gå særleg inn på metoden her, sidan det ville krevje eit eige essay, så vil det til dømes kunne gjerast ved å ikkje bruke namn på informantane og heller ikkje til dømes knytte stillingstitlar ("redaktøren", "vaksjefen", "fotografen") opp mot namn på medium. Namn på medium kan også unngåas, om nødvendig, og anonymiserast som "ei større regionavis", "ein tv-redaksjon" og så vidare. Fleire av dei innside-bøkene eg tidlegare har referert til bruker ei slik løysing, sjølv om det vel og merke ikkje er forskingsarbeid.

Å innhente slike data kunne ein medieforskar gjere ved til dømes å ta seg jobb som redaksjonsassistent og slik ikkje vere ein sentral del av den journalistiske arbeidet, men likevel sitte ringside og observere redaksjonen i arbeid. Moralsk sett måtte grunnane vere svært viktige for å gjere noko slikt. Det heile måtte til sjuande og sist grunnjevast med eit syn på forskning som ein så viktig aktivitet at forskinga av og til kan stille seg over det enkelte individ sine rettar til for eksempel personvern og vern om den private sfære på bekostning av kollektivet sine interesser.

Eit anna interessant prosjekt er infiltrasjonen av den rasistiske organisasjonen Heritage Front i Canada utført av forskaren Matthew A. Lauder^{xxxviii}. Igjen eit eksempel som ikkje er utført innan medieforskning, men som eg vil jamføre med slik forsking.

Lauder ville særleg studere organisasjonen si tilknytning til religion og antisemittisme og infiltrerte Heritage Front i tre år. Sjølv beskriver Lauder Heritage Front som "a canadian neo-National Socialist organisation, which has a history of using violence-based activism to achieve social and political objectives."^{xxxix} Han valde skjult deltakande observasjon etter først å ha forsøkt opne metodar i eit halvt år utan tilfredsstillande resultat^{xl}. Hans grunnargument for å bryte prinsippet om informert samtykke var at verdien av forskinga vog tyngre enn omsynet til informantane og at organisasjonar som Heritage Front var eit stort samfunnsproblem. Hans mål heilagar med andre ord middelet etter hans syn: "...I was morally obliged to conduct a study that encourages positive change towards egalitarianism".^{xli} Også Lauder anonymiserte personar i forskinga si og utleverte ingen med namn eller ved annan identifikasjon. Hans konklusjon er at skjulte metodar er forsvarleg dersom det er av stor nok nytte for samfunnet og kan vere med på å forbetre samfunnet tilstrekkeleg.

Dette er eit argument som går igjen i drøftinga av skjult observasjon og som ein medieforskar kunne nytta, sjølv om samanlikninga med forsking på høgreekstreme kan synast voldsom og irrelevant. Ein medieforskar kunne likevel sagt at dersom det som blir avdekt av etiske overtramp er alvorleg nok, så er metoden også gangbar i ein redaksjon.

Det har blitt påstått at media har vore med på å drive folk til å ta sitt eige liv, som i diskusjonen om Dagbladet sin rolle i den såkalla Tønne-saka^{xlii}. Det å avdekke redaksjonar som utøver makt som kan verke på denne måten, dersom det stemmer, kunne etter mitt syn forsvare bruken av skjult observasjon dersom forskinga førte til at redaksjonen endra sin arbeidsmetode. Ei ny spørreundersøking av 113 stortingsrepresentantar^{xliii} syner at tre av fire av dei meiner at journalistar og media styrer det offentlige politiske ordskiftet. Dersom denne makta misbrukast kan det etter mi meining legitimere skjult forsking.

Igjen krev ein slik argumentasjon eit grunnsyn på forskning som ein aktivitet som gjennom sitt val av forskingsområde og forskingsspørsmål skal vere med på å forandre samfunnet til noko betre. Etter mitt syn gjeld dette medieforsking der eg meiner ei av oppgåvene til forskarane er å overvake og korrigere media si demokratiske rolle.

Personvern

Omsynet til å trakke over personvernet til den det blir forska på heng saman med det førre punktet, og argumenta for og mot er delvis dei same. Men særleg er dette ein diskusjon som gjeld forskingsprosjekt der forskarar som driv skjult observasjon kjem i tette relasjonar til dei som blir observerte. Dette vil til dømes gjelde infiltrasjon av ei religiøs sekt. Det er lett å tenke seg at forskaren her vil få tilgang til personleg informasjon om dei andre medlemmene gjennom sosial omgang og kanskje religiøs bekjenning. Slik informasjon vil informantar elles ikkje så lett gi frå seg dersom dei veit at dei blir forska på.

Slik sett er skjult deltakande observasjon eit klart overtramp mot personvernet til den enkelte. Ein slik metode tek vekk informanten si mulighet til å ha full kontroll over personvernet overfor ein forskar. Når den sosiale rollen til informanten ikkje er "ein som veit han eller ho blir forska på og stiller seg deretter", men "kompis" eller "nær venn" tek forskaren vekk muligheita for informanten til å kontrollere den personlege og private sfæren til informanten sjølv. Kontrollen med kva informasjon informanten gir til forskaren blir også svekka sidan den sosiale situasjonen er ein falsk situasjon og premissa for høvet mellom forskar og informant også er falsk.

Eg vil argumentere, som det blei gjort i rusprosjektet i Trondheim og Bergen, at dersom målet med observasjonen er å finne ut av sosiale mekanismar eller strukturar, så er slik personleg informasjon ikkje noko som kjem vidare i ein rapport eller artikkel.

Lat oss seie at ein medieforskar skulle undersøke om ein redaksjon stadig gjorde grove etiske overtramp motivert frå eit ønske om å selje fleire aviser, overtramp som stadig vekk gikk ut over kjelder og som påførte kjeldene belastningar og skader. I arbeidet fikk forskaren, med skjult observasjon som

metode og på falske vilkår, fleire venner i redaksjonen. Ein av desse betrudde forskaren, med forskaren i den falske rolla som kompis, at han hadde alkoholproblem. Dette er personleg og privat informasjon som truleg ikkje ville bli gitt til ein forskar som observerte ope i redaksjonen. Det er difor informasjon som er gitt på feil vilkår og med fare for å kunne misbrukast av forskaren. Men, kunne forskaren ha argumentert, sjølv om forskaren fikk denne informasjonen ville den ikkje vere viktig for sjølve forskinga og ikkje på nokon måte bli brukt i forskinga eller publisert og dermed skade den intetanande informanten.

Dersom forskaren avdekte dei etiske overtrampa og dermed var med på å bidra til at den redaksjonelle praksisen blei endra til det betre ville forskaren vere med på å indirekte hindre nye overtramp og også hindre at framtidige kjelder for journalistikken til redaksjonen blei utsett for dette.

Det at forskaren ikkje informerte forskingsobjekta sine på førehand, som er rettesnora innan forskingsetikk, kunne i sum forsvarast ved at forskinga var med på å hindre framtidige store belastningar for kjelder for den etisk tvilsame journalistikken som forskaren avslørte. Omsynet til forskingsobjekta blir med andre ord vegd opp mot omsynet til samfunnet som blir utsett for journalistikken i redaksjonen det blir forska på.

Det var heller ikkje slik at enkeltpersonar skulle hengast ut eller identifiserast i til dømes forskinga på overskjenking i Trondheim og Bergen. Målet var å sjå på bransjen som serverer alkohol som heilskap, ikkje enkeltindividida som gjer det. Noko som igjen skal komme samfunnet til gode som ein del av diskusjonen rundt alkoholpolitikk. Med andre ord forskning som gir utgangspunkt for drøfting av samfunnsproblem. Akkurat slik kan ein forskar argumentere for at det ikkje var ein journalist sitt alkoholproblem som var viktig i skildringa av ein redaksjon, men heller systematiske brot på etikk utført av redaksjonen der brota representerer ein kultur og eit system og ikkje handlinga til ein enkelt person.

Rett nok vil det følast ubehagelig for ein informant å finne ut at det han eller ho trudde var ein venn syner seg å vere ein forskar, og eit slikt overtramp må vegast mot verdien av forskinga og forankrast i eit forskingsideal som

legitimerer det å måle rettane til eit enkeltindivid opp mot dei kollektive samfunnsinteressene.

Renommeet til vitskapen

I den etiske debatten rundt skjult deltakande observasjon blir også renommeet og truverdet til forskinga og vitskapen generelt trekt fram som eit moment. Martin Bulmer viser til at både politifolk og journalistar i stadig større grad bruker skjulte metodar, men advarer sterkt mot at sosiologar og andre samfunnsforskarar skal gjere det same:

Sociologists and sociology will only suffer in the long run if they adopt research strategies which lead others to believe, however mistakenly, that the word of the sociologist is not to be trusted and he or she becomes an object of suspicion.^{xliv}

Bulmer og andre^{xlv} meiner at dersom det kjem fram at vitskapsfolk bruker lureri og bedrag for å drive forskning vil det kunne spreie seg eit inntrykk av at vitskapsfolk ikkje er til å stole på eller seilar under falskt flagg. Dette vil øydelegge for den opne forskinga og dei tradisjonelle og etisk ukontroversielle metodane og gjere det vanskelegare å gjennomføre forskning med konvensjonelle metodar.

Argumentet er viktig. Ein parallell kan vere journalistar sin bruk av skjulte metodar som falsk identitet eller hemmelege lyd- eller bildeopptak. Eg jobba i to år i NRK sin graveredaksjon Brennpunkt, ein redaksjon som gikk langt i slike metodar. Eg brukte også skjulte opptak i mitt arbeid.

Akkurat det at redaksjonen brukte slike metodar blei stadig brukt som eit generelt argument mot redaksjonen og for å svekke det overliggende truverdet til Brennpunkt - redaksjonens *ethos*. Argumentet var at dette er ein redaksjon som støtt og stadig lurar folk opp i stry, difor er sjølve den journalistikken redaksjonen driv generelt uheiderleg og ikkje til å stole på. Og argumentet svei internt hos oss i den tida eg jobba der. Brennpunkt har no blitt strengare med desse metodane for å forhindre at omdømmet stadig blir diskutert og skaper støy rundt sjølve journalistikken.

Likeeins kunne ustrekt bruk av kontroversielle metodar innan medieforskning blitt brukt som eit argument for å svekke sjølve forskinga. Dei som til dømes hadde blitt råka av slik forskning ville kunne bruke kontroversen rundt metoden for å dreie diskusjonen til ein diskusjon om metode og ikkje diskutere sjølve resultatane av forskinga. Det er ein velkjent debatteknikk å prøve å diskreditere ein motdebattant og slik råke argumentasjonen til vedkommande.

Norman K. Denzin, professor i sosiologi ved University of Illinois, forsøker å argumentere mot dette standpunktet. Hovudargumentet hans er at dersom samfunnsforskning berre skal skje på informantar eller grupper som gir samtykke så gir forskarane frå seg retten til sjølv å bestemme kva som skal forskast på. Denzin meiner at dette kan vere med på å svekke truverd til samfunnsforskninga og at skjult deltakande observasjon kan motvirke ei slik svekking og til og med virke som ein styrkande faktor når det gjeld omdømme.

Eit døme er dersom ein forskar ville forske på diskriminering på ein arbeidsplass med opne metodar, men fikk nei fordi arbeidstakarane der ikkje sa seg villige til å bli observerte ope. Dersom det faktisk skjedde diskriminering er det ikkje usannsynleg at arbeidstakarane ville avslå å bli observerte fordi dei ville forstått at resultatet ville bli negativt for dei. Det same ville gjelde forskning på til dømes politivald. Desse to tilfella kunne tenkast å vere to forskingsprosjekt som var verdfulle, men som blei stansa på grunn av manglande samtykke frå informantane.

Likeeins trur eg ein forskar ville få problem med å heilt ope observere redaksjonen til Se og Hør i den perioden som er skildra i boka til Håvard Melnæs. Dette fordi det skjedde etiske overtramp i redaksjonen som medlemmene i redaksjonen sannsynligvis ikkje ville at ein forskar skulle finne ut av^{xlviii}. Eg er også sikker på at ein forskar ville ha store problem med å få eit fullgodt bilete av fleire av dei redaksjonane eg har jobba i ved å observere ope. Ufordelaktige trekk ved både journalistikken og den enkelte journalist ville bli kamuflerte og ikkje brakt vidare til ein forskar. Eg fikk ved fleire høve beskjed om å "halde tett" overfor utanforståande, det vere seg sjefar, journalistar eller andre, om intern

informasjon eg hadde om ein redaksjon sine arbeidsmetodar. Dette er effektiv sjølvensur frå tilsette når forskarar skal observere ein redaksjon.

For min del meiner eg det beste argumentet mot at skjult observasjon øydelegger for vitskapen er at eit resultat av slik forskning, som klart er samfunnsgagneleg - om ein legg eit slikt premiss til grunn for forskning, tvert om vil fremje statusen til vitskapen, akkurat som Denzin seier.

Kunne ein forskar ved hjelp av skjult observasjon til dømes virkelig vise bindingane mellom ein del norske politiske journalistar og norske politikarar og beskrive det som eg meiner er eit demokratisk problem, ville det vere eit prosjekt som kunne forsvare bruken av ein så ekstrem metode. Det same ville forskning med denne metoden på samrøret mellom ein del norske kriminaljournalistar og politiet, igjen noko eg meiner er eit samfunnsproblem og eit rettsproblem. Avsløringar av slike bindingar ville kunne forsvare bruk av skjult deltakande observasjon. Med konvensjonelle metodar vil ikkje dette bli avslørt. Kunnskap om slike høve blir halden innestengd i redaksjonane, ofte med god grunn.

Med andre ord meiner eg at dersom resultatet av forskinga er viktig nok for samfunnet, kan metoden bli godtatt og faktisk også vere med på å betre renommeeet til vitskap og forskning. Dette heng også saman med mitt syn på forskning som delvis normstyrt og som eit reiskap for å forbetre samfunnet, som eg har skrive om i starten av essayet.

Dette er ein variant av eit argument som går igjen i punkta ovanfor: om resultatet av forskinga er av stor nok betydning for samfunnet, kan ein metode som skjult deltakande observasjon blir godtatt etisk også om metoden går på bekostning av omsynet til enkeltindividet sitt personvern.

Konklusjon


Det å skulle forske ved hjelp av skjult deltakande observasjon er i strid med fleire sentrale etiske hovudprinsipp innan samfunnsforskning og anna forskning. Først og fremst vil det bryte med kravet til informert samtykke og med krav til

personvern for informantar. Metoden kan også føre til av sjølve vitskapen kjem i vanry.

Reint formelt er det i unntakstilfelle etisk tenkbart og legitimt å gjere slik forskning i Norge dersom ein legg dei etiske retningslinene for samfunnsforskning til grunn. Metodisk er det også legitimt, noko eg ikkje har gått inn på sidan dette er eit arbeid om etikk.

Ser ein på forskning som ein aktivitet som blant anna skal vere med på å bevege samfunnet i positiv retning, definert ved hjelp av kulturverdiar med stor oppslutning i samfunnet, vil eg påstå at det samstundes gir forskinga grunnar til å nytte seg av ein så ekstrem metode som skjult deltakande observasjon. Å vege forskingsmetodar opp mot forskings- og samfunnsverdiar på denne måten er ikkje eineståande og nære parallellar finnast mellom anna innan antropologi. Eit døme er når antropologar ser på enkelte religiøse kultar som så farlige for samfunnet at skjult observasjon av slike kultar er legitimt for å lære meir om kultane og slik skåne samfunnet for nokre av dei farane kultane kan representere^{xlix}.

Likevel krev også denne metoden at resultatata blir anonymiserte og at enkeltpersonar ikkje blir hengde ut. Enkelt vil eg sjølv samanfatte argumentasjonen min i ein figur:



Dess større grad av anonymisering som blir brukt i presentasjonen av forskninga og dess større grad av viktighet den har for samfunnet, dess større mulighet er det for at skjult deltakande observasjon kan bli sett på som etisk forsvarleg av både opinionen og andre forskarar. Dette generelle synspunktet vil eg sterkt hevde også gjeld medieforsking.

Så er spørsmålet, forblir min argumentasjon rein hypotese? Eg har før nemnt eit norsk forskingsprosjekt som skal utførast av Institutt for samfunnsforskning og som bruker metoden situasjonstesting. Metoden går i dette tilfellet ut på å sende fiktive jobbsøknader inn til eit stort antal arbeidsgivarar. Søknadene gir seg ut frå å vere frå både ikkje-etniske og etniske nordmenn og formålet med prosjektet er å sjå om søknadene blir behandla ulikt ut frå kva bakgrunn søkarane har. Opphavleg skulle også skodespelarar møte opp til jobbintervju utan å avdekke kven dei var.

Prosjektet bruker provokasjon, bryt med prinsippet om informert samtykke og fører også forsøkspersonane bak lyset og reiser slik dei same etiske spørsmåla som skjult deltakande observasjon. Særleg spørsmål knytte til omsynet til forskingsobjekta sitt personvern og renommeeet til vitenskapen.

Forskarane har i stor grad argumentert som meg for å få godkjenning for metoden hos NESH og forankra søknaden i eit syn på vitenskap som noko som skal vere med på å forbetre samfunnet og gjere det "mer demokratisk"¹. NESH godkjente prosjektet i mars i år og skreiv mellom anna i sakshandsamingsprosessen at forskning kan vere nyttig for samfunnet ved å avdekke kritikkverdige forhold og med det vere med på å endre praksis på ulike samfunnsområde til det betre². Dei meiner dette prosjektet ved å avdekke potensiell diskriminering er av så stor verdi at dei godkjenner metoden. Likevel kjem komiteen med følgjande oppsummering:

Etter NESH' oppfatning krever prosjektet en utfordrende avveining mellom på den ene siden å bringe forskningen i miskreditt ved å unnlate å utforske et samfunnsmessig viktig tema og på den andre siden å bringe forskningen i miskreditt ved at metoden som følges ikke følger etiske

retningslinjer. Det reiser spørsmål om hvor langt forskere kan gå med å lempe på etikk for å være samfunnsnyttige.^{lii}

Denne veginga vil også stå sentralt dersom medieforskarar vil nytte skjult deltakande observasjon.

ⁱ Rosenhan-eksperimentet er skildra i Rosenhan (1973)

ⁱⁱ Bulmer med fleire (1982): 4

ⁱⁱⁱ www.etikkom.no/retningslinjer/helsinkideklarasjonen

^{iv} Holdaway (1982)

^v Fielding (1982)

^{vi} Warwick (1973)

^{vii} Petticrew med fleire (2007)

^{viii} Ekern (2006) og Baklien/Buvik (2008)

^{ix} Festinger m.fl. (1956)

^x Wallis (1976)

^{xi} Sjå til dømes Dawson (1999) og Ayella (1990)

^{xii} Sjå til dømes Sand og Helland (1998) og deira forking på tv-nyheiter

^{xiii} Sjå Melnæs (2006), Tumyr (2005) og Rønningen og Solberg (2007)

^{xiv} Weber (1975):167

^{xv} Ibid: 169

^{xvi} Ibid: 170

^{xxi} Sjå til dømes Cappelen (2009)

-
- xxii Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi, punkt 2
- xxiii Ibid, punkt 8
- xxiv Melnæs (2006)
- xxv Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi, punkt 9
- xxvi Opplysningane er henta får telefonintervju med Ingierd gjort av forfattern
- xxvii Ekern (2006)
- xxviii Søknad frå forskarane og saksbehandlingsdokumenta frå NESH er gjengivne i Rogstad/Haagensen Midtbøen (2009)
- xxix Prosjektet blei etter kvart endra slik at jobbintervjua blei kutta ut, men dette var av metodiske og praktiske årsaker og ikkje etiske i følge forskarane (opplysning frå telefonintervju med Arnfinn Haagensen Midtbøen)
- xxx Norsk samfunnsvitenskapeilg datatjeneste/Personvernombudet, "Ord og begreper", oppslagsord "*Sensitive personopplysninger*"
- xxxi Personopplysningsloven, paragraf 9. Behandling av sensitive personopplysninger
- xxxii Bulmer med fleire (1982): 218
- xxxiii Warwick (1973)
- xxxiv Prosjektet er skildra i Baklien og Buvik (2008)
- xxxv Ibid: 153
- xxxvi Ibid: 155
- xxxvii Petticrew med fleire (2007): 2
- xxxviii Prosjektet er skildra i Lauder (2003)

xxxix Ibid: 186

xl Ibid: 190

xli Ibid: 193

xlii Sjå Brurås m. fl (2003) for ei drøfting av media si rolle i den såkalla Tønnesaka

xliii Huseby Jensen (2009)

xliv Bulmer (1982): 229

xlv Sjå til dømes Denzin og Erikson (1968) gjentrykk i Bulmer (1982)

xlvi Bodahl-Johnsen stadfester ein del av opplysningane til Melnæs i sin rapport (2007) om Se og Hør, som er utarbeida på bakgrunn av boka, andre påstander verken bekrefter eller avkrefter han

xlix Sjå Ayella (1990) for ein kort gjennomgang av ein slik argumentasjon

¹ Rogstad/Haagensen Midtbøen (2009): 67

li Ibid: 62

lii Nagel og Ingierd (2009): 4

Litteratur

Ayella, Marybeth (1990): *"They Must Be Crazy" - Some of the Difficulties in Researching "cults"*, i American Behavioral Scientist, vol. 33, nummer 5, mai/juni 1990, SAGE publications, Thousand Oaks, USA

Bodahl-Johansen, Gunnar (2007): *Kjendis- og betalingsjournalistikk* ("Se og Hør-rapporten"), Norsk presseforbund, Oslo, her henta frå:

presse.no/Spesial/Forside/filestore/SeogHrrapport.pdf

Bulmer, Martin med fleire (1982): *Social Research Ethics - an examination of the merits of covert participant observation*. The Macmillian Press Ltd, London, England

Baklien, Bergljot og Buvik, Kristin (2008): *Usynlig teater - en metode med etiske utfordringer*. Sosiologisk tidsskrift, vol 16, Universitetsforlaget, Oslo, her henta frå: www.sirus.no/files/pub/424/baklien_buvik_usynligteater.pdf

Cappelen, Anders (2009): *Refomér PFU!* Kronikk i Aftenposten 16. mars, her henta frå www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article2979153.ece

Dawson, Lorne L. (1999): *When Prohecy Fails and Faith Perists: A Theoretical Overview*, i Nova Religio, vol. 3, nummer 1, University of California Press, Berkeley, USA. Her henta frå: caliber.ucpress.net/doi/pdf/10.1525/nr.1999.3.1.60

Denzin, Norman og Erikson, Kai (1968): *On the Ethics of Disguised Observation: an exchange between Norman Denzin and Kai Erikson*, Social Problems nr. 15, 1968, side 502 til 506, her henta frå gjentrykk i Bulmer, Martin med fleire (1982): *Social Research Ethics - an examination of the merits of covert participant observation*. The Macmillian Press Ltd, London, England

Douglas, Jack D. (1976): *Investigative Social Research - individual and team field research*, Sage publications, Beverly Hills, USA (i essayet er sitat frå denne boka henta frå sitering i Bulmer (1982))

Ekern, Lise (2006): *Usynlig teater*. Artikkel i *Forskingsetikk*, nummer 4, 2006, her henta frå: www.etikkom.no/fagbladet/2006_4/teater

Festinger, Leon/Riecken, Henry W./Schachter, Stanley (1956): *When prophecy fails*. University of Minnesota Press, Minneapolis, USA

Fielding, Nigel (1982): *Observational Research on the National Front* frå Bulmer, Martin med fleire: *Social Research Ethics - an examination of the merits of covert participant observation*. The Macmillian Press Ltd, London, England.

Grimen, Harald (2004): *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*, 3. utgave. Universitetsforlaget, Oslo

Hjeltnes, Guri/Brurås, Svein/Syse, Henrik (2003): *3 uker i desember - en kritisk gjennomgang av medienes rolle i den såkalte Tønne-saken*, Norsk presseforbund, Oslo, her henta frå: presse.no/filestore/3_uker_i_desember.pdf

Holdaway, Simon (1982): *'An Inside Job': a case study of covert research on the police* frå Bulmer, Martin med fleire: *Social Research Ethics - an examination of the merits of covert participant observation*. The Macmillian Press Ltd, London, England

Huseby Jensen, Martin (2009): *-Det er journalistene som styrer*, artikkel på fagbladet *Journalisten* sine nettsider, 14. april, her henta frå www.journalisten.no/story/57367

Lauder, Matthew A. (2003): *Covert Participant Observation of a Deviant Community: Justifying the Use of Deception*, i *Journal of Contemporary Religion* 18:2, side 185-196, Routledge, Milton Park, England.

Mælnes, Håvard (2006): *En helt vanlig dag på jobben - Se og Hør fra innsiden*, Kagge forlag, Oslo

Nagel, Anne-Hilde og Ingjerd, Helene (2009): *Vedrørende prosjekt om diskrimineringens art og omfang*, brev datert 19. mars 2009 til Institutt for samfunnsforskning, NESH, Oslo, her henta frå www.etikkom.no/Etikkom/Nyheter/2009/15/

Petticrew, Mark med fleire (2007): *Covert observation in practice: lessons from the evaluation of the prohibition of smoking in public places in Scotland*. BMC Public Health, vol. 7, her henta frå: www.biomedcentral.com/1471-2458/7/204

Rogstad, Jon og Haagensen Midtbøen, Arnfinn (2009): *Fra symptom til årsak - metodiske utfordringer og forskningsetiske dilemmaer ved bruk av tester i studiet av diskriminering*, Institutt for samfunnsforskning, Oslo, her henta frå: www.sivilsamfunn.no/samfunnsforskning.no/Publikasjoner/Rapporter/2009/2009-002

Rosenhan, David (1973): *On Being Sane in Insane Places*, artikkel i Science nr 179, 19. januar 1973, her henta frå gjentrykk i Bulmer, Martin med fleire (1982): *Social Research Ethics - an examination of the merits of covert participant observation*. The Macmillian Press Ltd, London, England

Rønningen, Sigurd Smidesang og Solberg, Reidar Mide (2007): *Kaptein Memo - en beretning om visjoner, konflikter og nederlag i avishuset Dagbladet*, Kagge forlag, Oslo

Sand, Gunnar og Helland, Knut (1998): *Bak tv-nyhetene – produksjon og presentasjon i NRK og TV 2*. Fagbokforlaget, Bergen

Tumyr, Erik (2005): *Journalistjævler - rapport fra innsiden*, Pantagruel forlag, Oslo

Wallis, Roy (1976): *The Road to Total Freedom: A Sociological Analysis of Scientology*, Heinemann, London, England

Warwick, Donald P. (1973): *Tearoom Trade: Means and Ends in Social Research* her henta frå gjentrykk i Bulmer, Martin med fleire (1982): *Social Research Ethics - an examination of the merits of covert participant observation*. The Macmillian Press Ltd, London, England

Weber, Max (1975): *Makt og byråkrati – essays om politikk og klasse, samfunnsforskning og verdier*, utval ved Egil Fivelsdal, andre utgåve, Gyldendal norsk forlag, Oslo

Lover, forskrifter og anna

Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi (rev. 2006), De nasjonale forskingsetiske komiteer, Oslo, her henta frå: www.etikkom.no/retningslinjer/NESHretningslinjer)

Lov om behandling av personopplysninger, her henta frå: www.lovdatab.no/all/tl-20000414-031-002.html#9

Retningslinjer for Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora - NESH, her henta frå: www.etikkom.no/HvemErVi/Mandat/NESH

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste/Personvernombudet: *Ord og begreper*, her henta frå: www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/begreper.html

Vær varsom-plakaten, vedtatt av Norsk presseforbund:

[presse.no/Pressens Faglige Utvalg PFU/Var Varsom-plakaten/](http://presse.no/Pressens_Faglige_Utvalg_PFU/Var_Varsom-plakaten/)

Munnlege kjelder

Helene Ingjerd, sekretariatsleiar - Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH). Telefonintervju 24. juni 2008.

Arnfinn Haagenen Midtbøen, vit. ass. - Institutt for samfunnsforskning. Telefonintervju 2. april 2009.

Radio- og tv-program (bakgrunnsinformasjon)

"Medienes manglende åpenhet" - debatt fra Litteraturhuset, debatt sendt på NRK P2 og på nett-tv på nrk.no og Aftenposten.no. mandag 22. september kl 19." Kan sjåast her:

www1.nrk.no/nett-tv/klipp/413074 og her:

www.aftenposten.no/webtv/?id=11603&cat=24

Når journalister møter vitenskapen, program i programserien *Kurer* på NRK P2, sendt 20. september 2008. Kan høyrast på: www1.nrk.no/nett-tv/klipp/412542

Når kildene får betalt, dokumentarfilm på NRK1, 12. desember 2007, produsert av Novemberfilm as. Kan sjåast på: www1.nrk.no/nett-tv/klipp/313245

Hyperkoppingar i kjelde- og notelista var aktive per 15. april 2009